

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

Ordførarkjede - retningsliner for bruk

SAKSGANG:		
Utval	Møtedato	Utvalssak
Heradsstyret	23.05.2012	029/12

Sakshandsamar Espen Eide	Arkiv: K2-c40	Arkivsaknr 11/485 - 10
------------------------------------	----------------------	----------------------------------

Vedlegg:

Sakstilfang:

Nr	T	Avsender/Mottakar	Tittel
4	I	Ziegler Smykkedesign	Ordførerkjede
1	U	Gullsmed Bjørgum; Sylvsmida	Vedrørende ordførerkjede Ulvik herad
2	U	Gunnbjørg Øyre og Gunnlaug Lekve	Utsmykkingsnemnda
6	I	Harald Skorve	Ordførerkjede Ulvik herad
5	I	Ziegler Smykkedesign	Ordførerkjede
3	I	Gullsmed Bjørgum AS	Framlegg til ordførerkjede for Ulvik herad
7	U	Gunnbjørg Øyre og Gunnlaug Lekve	Møtereferat utsmykkingsnemnda 9.desember
8	I	Gullsmed Bjørgum AS	Vedrørende endring av forslag til ordførerkjede.
9	I	Gullsmed Bjørgum AS	Leveringsavtale - signert
11	I	Sparebankstiftinga Hardanger	Viser til vedtak om støtte til ordførerkjede

Saksutgreiing:

Heradet har saman med andre herad i Hardanger motteke ordførerkjede som gåve frå Sparebank 1 Hardanger, no Sparebanken Vest.

Det er skrive kontrakt med Gullsmed Bjørgum AS i Norheimsund som har laga ordførarkjede ut frå vedtak i Utsmykkingsnemnda. Kjede er levert i spesialtilpassa koffert for forvaring og transport. Ordførar har til einkvar tid ansvar for trygg forvaring av ordførarkjede.

Vurdering:

Sidan det ikkje er utarbeidd standardreglar for bruk av ordførarkjede blir det gjort framlegg om slike retningslinjer for bruk av heradet sitt ordførarkjede.

Rådmannen sitt framlegg :

Bruk av ordførarkjede er knytt til vervet som ordførar/varaordførar i heradet.

Ordførar/varaordførar nyttar ordførarkjede ved slike høve:

1. Mottaking i heradet sin regi
2. Middagar og andre tilstellingar der heradet er vertskap
3. Innviing og opning av offentlege anlegg når ordførar/varaordførar står for innviinga/opninga
4. Opning av større møte, kongressar og liknande der ordførar/varaordførar representerer heradet
5. Overrekking av utmerkingar
6. Gjesting av kongelege, bispevisitas og statsleiarar

23.05.2012 Heradsstyret

Austrud, Nes og Uppheim trådde til att i møte.

HST-029/12 SAMRØYSTES VEDTAK:

Bruk av ordførarkjede er knytt til vervet som ordførar/varaordførar i heradet.

Ordførar/varaordførar nyttar ordførarkjede ved slike høve:

1. Mottaking i heradet sin regi
2. Middagar og andre tilstellingar der heradet er vertskap
3. Innviing og opning av offentlege anlegg når ordførar/varaordførar står for innviinga/opninga
4. Opning av større møte, kongressar og liknande der ordførar/varaordførar representerer heradet
5. Overrekking av utmerkingar

6. Gjesting av kongelege, bispevisitas og statsleiarar